

I alt skal åtte band i aksjon under den femte Festidalen fredag og laurdag og det blir mange store musikk-opplevelingar for rocke-entusiastane frå "Of No Consequence" sleg an den første tona fredag kveld til sjølvaste "Turboneger" avsluttar natt til søndag,

"Of No Consequence" er årets vinnar av Eggstock-festivalen.

Etter dei er det dei lokale rockeheltane "The Wave" som skal på scena. Bandet vart danna hausten 2004 og sidan har dei fire Husnes-gutane (Sindre Grønningen, Lasse Digranes, Aleksander Haugland og Erik Lie) vunne Ungdommens Kulturmønstring og tittelen "Yngste band" på Eggstock.

Så kjem "Electric Eel Shock" tre japanarar som arrangøren har svært god tru på.

Det siste bandet fredag blir det kontroversielle "Black Debath" og frå dei kan publikum venta seg tung, politisk rock. Dei er fulle av spesielle innfall, til dømes har dei ein gong entra scena nakne!

Dei har og fått Spelemannsprisen, men fekk behalda han i få sekund då prisutdelaren med vilje las opp feil namn på vinnaren! No har dei Lars Lønning, Egil Hegerberg, Aslag Guttormsgaard og Ole Petter Andreassen på laget.

Laurdag kveld kjem "Ida Marie" først på scena og dette er eit av dei store pop-skota i år.

I staden for "Blind Archery", som måtte avlyse vitjinga i Uskedalen, kjem deretter kanadiaren Jeff Martin, som sist vinter vitja Husnes,

"El Caco" er det neste bandet og det har vore på Festidalen tidlegare. Desse stonerockarane har før i år fått terningkast fem i pressa for si fjerde plate.

Når det gjeld "Turboneger" set dei altså punktum og det er grunn til å tro at dei trekkjer flest til Festidalen dette året. Det var ikkje lett å henta dette legendariske bandet til Uskedalen og det må kunne karakteriserast som ein prestasjon at det lukkast.

Dei held det for tida gåande nede i Europa og Festidalen er den siste opptreden dei gjev på ein rundtur Noreg før dei returnerar til kontinentet. "Turboneger" blir kalla ein av norsk musikk største eksportvarer og har Hank Von Helvete som frontfigur. I juni kom dei med ei ny plate – "Retox".

Av Ola Matti Mathisen